



Sjøtrollbåten Rudi hadde obedne gjester sist natt, Førre gongen var det Tobias som hadde besøk (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Båten til Sjøtroll Havbruk AS som er i bruk utanfor Skorpo og ligg i Uskedal Båthamn er freista tjuvlånt i natt. Det er ikkje fyrste gongen ein Sjøtrollbåt har frista obedne gjester. Båten vart funnen på plassen sin men alle fortøyningane var kappa. Andre båteigarar bør se til båtane sine og sjekka om dei har fått vore i fred.**

Johnny Hansen i Sjøtroll opplysar at politiet er varsla. Det var berre flaks at vindretningen var slik den var og heldt båten på plass i 'båsen' sin.

Dette er ein 30 fots arbeidsbåt i aluminium som kunne gjort skade på andre båtar viss vinden hadde snudd og båten hadde forlete plassen sin. Tenningslåsen var øydelagt i freistnaden på å få starta båten.

Av Ola Matti Mathisen